

# Utviklingsplan for Nærbø ungdomsskule 2022-23



**Innhaldsliste:**

**Nærbø ungdomsskule har følgjande satsingsområder og mål for skuleåret 2022-2023 s. 3**

**Nærbø ungdomsskule ..... s. 3**

**Nåsituasjon og ønska utvikling på Nus ..... s. 4**

Organisasjon ..... s. 4

Leiing..... s. 5

Profesjonsutvikling..... s. 6

Grunnleggande læringsprosesser..... s. 7

Elevane si læring og utvikling ..... s. 8

Resultat frå nasjonale prøvar ..... s. 8

Resultat grunnskolepoeng ..... s. 10

Resultat frå elevundersøkinga målt på 10.trinn ..... s. 10

**Mål og tiltaksplan ..... s. 11**

**Handlingsplan for det pedagogiske utviklingsarbeidet..... s. 13**

**Litteraturliste..... s. 15**

## Nærø ungdomsskule har følgjande satsingsområder og mål for skuleåret 2022-2023

Overordna mål for Hå kommune og dermed for Nærø ungdomsskule er å auke elevane sin motivasjon for skule og skulearbeid. For å nå auka motivasjon vil Nærø ungdomsskule satse på to viktige områder.

### Mål:

På Nærø ungdomsskule skal me ha god læringskultur og undervisning der elevane opplever elevdemokrati og elevmedverknad.

### Kvifor nettopp desse måla?

Dei fire siste åra har Nærø ungdomsskule hatt dei same satsingsområda i utviklingsplanen. Måla har vore at på nasjonale prøvar i lesing og rekning skulle elevane vise ei utvikling fra 8. til 9. klasse som tilsvarer minst 4 poeng i gjennomsnitt og etter 10. klasse skulle elevane ligge på landsgjennomsnittet når det gjeld oppnådde grunnskulepoeng. På elevundersøkinga skulle Nus ligge på landsgjennomsnittet eller betre når det gjaldt trivsel på skulen og motivasjon til å lære. Skulen har nådd måla med nasjonale prøver og trivsel. Me vil likevel ha vidare fokus på desse områda, sjølv om me ikkje skriv dei som satsingsområder i utviklingsplanen for 2022-23. Me har ikkje nådd måla om motivasjon på landssnittet, og vil derfor ha dette som overordna mål, slik som kommunen. Grunnskulepoenga vil me ha vidare fokus på, sjølv om det ikkje er notert som eit satsningsområdet i denne planen. Tabellane som viser resultat over nasjonale prøvar, elevundersøkinga og grunnskulepoeng vil naturleg nok ligge som ein del av denne utviklingsplanen og, då desse er viktige måleindikatorar for skulen.

Leiargruppa saman med lærarane gjekk våren 2022 gjennom resultata over tid på elevundersøkinga. Denne gjennomgangen synte at skulen må arbeide meir målretta med læringskultur og elevdemokrati og elevmedverknad. Støtte frå lærarane har og vore under landssnitt over fleire år. Å betre støtte frå lærarane tek me inn i arbeidet med læringskultur og elevmedverknad. **Læringskultur på Nus inneber: Arbeidsro i timane, Kor viktig elevane synes det er å arbeide med skulearbeidet, At lærarar synes det er greit at elevane gjer feil fordi dei lærar av det, Trygt og godt klassemiljø, Gode relasjoner og Støtte frå lærarane.** Det å vera med å påvirke og vurdere eiga læring og utvikling er eit godt utgangspunkt for å auke motivasjonen. Eit trygt og godt læringsmiljø er eit godt utgangspunkt for å vera motivert for skule og skulearbeid. Elevrådet meiner og at skulen kan bli betre på elevmedverknad.

## Nærø Ungdomsskule

Nærø ungdomsskole har ca. 45 tilsette og er ein mellomstor skule som ligg sentralt plassert på Nærø. Skulen har fram til dette skuleåret hatt to avdelingar; Ungdomsskulen og Møllerhaugen. Møllerhaugen vart avvikla våren 2022. Frå høsten 2022 har ungdomsskulen fire klassar på alle trinn. Skuleåret 2022-23 har ungdomsskulen 323 elever og 45 tilsette.

Leiinga ved skulen består av rektor og tre lagleiarar. Lagleiarane har hovudansvar for kvart sitt trinn på ungdomsskulen.

Administrasjonen ved skulen består av rektor og administrasjonskonsulent.



## Nåsituasjonen og ønska utvikling på NUS

Skulen har eit mål om at alle elevane skal høre til eit trygt og godt læringsmiljø, vera motiverte og syna ei jamm fagleg utvikling med gode resultat. Vi styrer vidare mot denne målsettinga i ny utviklingsplan for skuleåret 2022-23.

Tabellar og resultat frå nasjonale prøvar, elevundersøkinga og grunnskulepoeng vert oppdatert fortløpende når nye resultat foreligg. Resultat på nasjonale prøvar og grunnskulepoeng vil me halde fram med å syna i denne utviklingsplanen sjølv om det ikkje dette året er dei me har som satsingsområde. Å oppnå gode resultat på nasjonale prøver og grunnskulepoeng vil alltid vera mål for Nærø ungdomsskule.

Ny utviklingsplan med nye mål og tiltak for 2022-23 er utarbeidd i april-juni 2022 av lærarane og leiargruppa, med utgangspunkt i det elevane har sagt ifrå om i elevundersøkinga. Tiltaka elevane har kome med forslag om via elevrådet, når det gjeld elevmedverknad, vil me sjølv sagt ta med oss i det vidare arbeidet.

Ny kantine på Nærø ungdomsskule starta opp august 2021. Denne er ein fin samlingsstad for elevane. Alle elevar et i kantina om dei abonnerer på mat eller har med seg matpakke sjølv. Dagsrytmen på skulen blei endra frå august 2021. Den er ulik mellom dei tre trinna. Dette for at alle skal få plass og ete i kantina, da kapasiteten til kantina er på ca 135 sitteplassar. Eit trinn er frå ca 100-115 elevar. Midttimen er derfor til ulike tidspunkt.

## Organisasjon

Organisasjonen Nærø ungdomsskule består i dag av ein administrasjon, leiargruppe, pedagogisk personell og fagarbeidarar/fagstillingar/assistentar. Vaktmeister og reinhaldspersonell er ikkje ein offisiell del av organisasjonen, men utgjer i praksis ein del av personalet gjennom til dagleg å vere til stades. I tillegg har skulen tilsettings- og personalansvar for to badebetjenter i den offentlege symjehallen på Nærø.

Personalsituasjonen på skulen er stabil, men det vil vere noko utskifting. Skulen har eit balansert forbruk når det gjeld personell, noko som og ser ut til å gjelde for komande skuleår.

Skulen har i fleire år hatt ei utfordring med for få språklærarar. Til skuleåret 2022-23 har me klart å få fleire lærarar med kompetanse i norsk og 2. framandspråk, slik at belastinga på enkeltlærarar blir meir fordelt. Skulen vil halde fram med å prioritere ansetting av lærarar med denne kompetansen.

Nus har framleis behov for å oppgradere utstyr som er nødvendig for å drive undervisning etter ny læreplan. Dette gjeld alt frå kartlegging og innkjøp av nye læremiddel til utstyr som er nødvendig for å gjennomføre ulike fag etter intensjonen til ny læreplan. Skulen er godt i gang med denne prosessen, og heile skulen er involvert på ulike plan. Naturfagrommet skal restaurerast. Håper dette rommet er klar til bruk tidleg hausten 2022.

Skulekontoret har vedteke å legge ned avdeling Møllerhaugen. Ressursane som blei brukt på elevar i denne avdelinga blir frå skuleåret 2022-23 fordelt på dei fire ungdomsskulane i kommunen ut frå elevtal. Nus er ein stor ungdomsskule og får derfor eindel av denne ressursen. Desse skal vera øyremerka dette bruket, og me vil finne egna rom på skulen som kan vera til hjelp om nokon elevar kjenner behov for å trekkje seg tilbake frå klasserommet i periodar.

Etter koronapandemien med koronastengt skule i periodar frå mars 2019, har me skuleåret 2021-22 sluppe koronastengt skule utanom eitpar dagar før jul-21. Det har likevel i periodar vore eindel fråvær grunna smitte på både lærarar og elevar.

Leiarstrukturen på skulen er som sagt rektor og tre lagleiarar. Rektor har det meste administrative ansvaret, men har delegert timeplanarbeid og ansvar for å sette inn vikarar ved behov, til lagleiarane. Lagleiarane er og sosiallærarar på kvart sitt trinn.

Evalueringa av skuleåra før 2021-22 avdekkja at faget utdanningsval ikkje var godt nok forankra i undervisningspersonalet. Mykje av ansvaret falt på rådgjevar. Frå hausten 2021 omorganiserte me faget , slik at delar av faget utdanningsval blei timeplanfestast på 9. trinn og halve året, fram til jul, på 10.trinn.

## Leiinga

Leiergruppa har to møte i veka, eit driftsmøte og eit utviklingsmøte:

### Driftsmøte:

På driftsmøtet tek ein opp saker som handlar om organisering på trinn, turar, fag, prøvedagar, timeplan mm. Det er lagleiarane, administrasjonkonsulent og rektor som saman lagar saksliste til møta gjennom samskrivingsdokument i eigen disk. Lærarane får referat fra møta kvar veke.

### Utviklingsmøte:

Utviklingsmøtet er leia av rektor. Her er det skulen sine utviklingsområder og andre pedagogiske områder som er tema. Leiargruppen går gjennom status på utviklingsarbeidet, og planlegg progresjon og gjennomføring. Lærarane får referat fra møta kvar veke.

### Pedagogisk utviklingsarbeid (Pu-tiden) kvar måndag kl 13.50-15.15:

Pu-tida vert leia av rektor som presenterer tema og plan for utviklingsarbeid. Lærarane arbeider vidare med temaet, ofte på trinn eller i grupper. Deling av erfaringer er sentralt. Det vil variere frå faggrupper, foredrag av interne og eksterne føredragshaldarar, kurs, internt utviklingsarbeid, læreplanarbeid etc.

Den organiserte trinntida til lærarane er delt mellom drift og utviklingsarbeid. På trinnmøta er det lagleiarane som leiar utviklingsarbeidet. Dette sikrar at leiargruppa er godt kobla på gjennomføringa av utviklingsarbeidet, og er tett på lærarane i utviklingsarbeidet. På trinnet kan lærarane kome med innspill om tilpasningar, noko som gir dei betre eigerskap til gjeldande tema. Rektor har ingen direkte rolle under trinntida, men er med på møte ved behov.

### Leiarvandring - klasseromsobservasjon:

Bakgrunnen for å drive med klasseromsobservasjon (leiervandring), er at lærarane skal få utvikle seg pedagogisk ut frå sitt/sine behov.

Me på Nærbø ungdomsskule har ut frå mal frå skuleigar laga oss eit enkelt skjema for gjennomføring av klasseromsobservasjonen. I skjema har me med forsamtale, observasjon og

ettersamtale. I forsamtalen blir lærar som skal verte observert einig med leiargruppa om kva hen ønsker å bli observert på. Lærar kan velge ein av fire pedagogiske prinsipp ut frå utviklingsplanen som leiargruppa har bestemt, og eit sjølvvalt observasjonsområde. Grunngjevinga for valet til lærar skal vere ut frå behovet for eiga pedagogisk utvikling, der lærar har mest å hente i høve til tilbakemeldingar og veiledning fra observatør. Tilbakemeldingane frå observatørane vil kome i ettersamtalen.

I skuleåret 2021-22 gjennomførte leiargruppa ei skulevandring pr lærer per halvår, ein på hausten og ein på våren. Det er målet å klare skuleåret 2022-23 og.



## Profesjonsutvikling

Utviklingsområda vil og i komande planperiode legge ramene for arbeidet i PU-tida. Ein del av arbeidet framover vil vera direkte knytta til det overordna målet om auka elevmotivasjon for skule og skuclearbeid og satsingsområda/måla i ny utviklingsplan;

Mål: På Nærbø ungdomsskule skal me ha god læringskultur og undervisning der elevane opplever elevdemokrati og elevmedverknad.

Det vil likevel vere ein del av PU-arbeidet som er ei fortsetting av pågående arbeid.

Profesjonsutviklinga til lærarane er knytta til utvikling av digital kompetanse og arbeid med ny læreplan. I ny læreplan er det stort fokus på elevmedverknad og meir praktisk arbeid i faga.

Kommunen har eigen PfDK-plan, der lærarane er med på ein workshop to gonger i året for å utvikle digitale kunnskapar.

Alle elevar og lærarar har eigen chromebook, og mykje av undervisningen foregår i dag på digitale flater. Leiargruppa vurderer at skulen sine tilsette har gode digitale dugleikar, og at dei har kompetanse til å oppdatere seg digitalt på eiga hand. Når det gjeld tilpassa undervisning gjennom to-lærerfunksjonen, arbeidar me vidare med å få implementert dette på best mogleg måte på alle trinn.

Frå og med 2020 har personalet hatt fullt fokus på ny læreplan, og dei har arbeidd seg gjennom utdanningsdirektoratet sine kompetansepakkar. Lærarane har laga nye fagplanar/årsplanar etter ny læreplan på alle trinn. Me har nå vore gjennom eit par år med ny læreplan. Det har fungert bra, men behovet for samarbeid gjennom faggrupper har vore stort. Dette vil me derfor ha fokus på i 2022-23 og. Evaluering av året viser at lærarane har behov for å snakke med kvarandre, dele erfaringar og gi kvarandre råd og rettleiing i faggrupper både på trinn og på tvers av trinn.

Leiergruppa vurderer at personalet fra hausten 2022 er godt rusta til å arbeide vidare med ny læreplan. Det er likevel nødvendig å ha dette som tema i lærarane si profesjonsutvikling i komande planperiode og. Den nye læreplanen legg opp til endring av praksis i mange fag, og kunnskaps- og erfaringsdeling vil vere ei forutsetning for best mogleg å implementere nødvendige endringar i heile personalet.

Skuleleigar i Hå kommune bestemte at frå hausten 2021 skulle alle 9.trinn på dei fire ungdomsskulane arbeide med elevbedrift på "Hubben". Ungt entreprenørskap er ein

samarbeidspartner til skulane i dette arbeidet. Dette er ei satsing som er i tråd med med fagfornyinga, spesielt med tanke på det tverrfaglege tema ”bærekraftig utvikling”. Det vil bli lagt til rette for å arbeide med dette temaet i utviklingsarbeidet på 9.trinn.

Det vil bli sett av tid på plandagane i august 2022 og elles til å arbeide med og bli oppdatert på faget utdanningsval. Det er ei målsetting at alle lærerane på skulen har godt kjennskap til utdanningsval. Frå hausten 2021 blei delar av dette faget timeplanfesta og blir gjennomført av faglærarar. Årshjulet til faget blir presentert på plandagane i august 2022.

For å sikre at profesjonsutviklinga blir forankra i heile personalet, vil kunnskaps- og erfaringsdeling i PU-tida vere eit viktig verkemiddel. I tillegg skal skuleleiinga gjennomføre leiarvandring der observasjonen er direkte knytta til profesjonsutvikling og lærarane sin undervisningspraksis. Her er det viktig at lærarane sjølv er med og bestem kva dei ønsker å bli observert på og få rettleiing i.

Lærarane på Nærø ungdomsskule skal ha fokus på motivasjonsfremjande strategiar i undervisninga og elles i samværet med elevane.

#### Lærarane skal:

- ha fokus på relasjonar lærer-elev.	Berkastet (2019), Hattie(2013) seir relasjon er avgjerande, d=0.72
- vera gode autoritative klasseleiarar.	T. Nordahl (2012)
- ha fokus på djupnelærings, for å hjelpe elevane å sjå samanhenger mellom faga.	LK2020 overordna del, Fullan (2019)
- ha høge forventningar til elevane uansett nivå.	LK2020 Overordna del kap. 3.2
- ha dialogisk undervisning, som fremjer læring og motivasjon.	LK2020 Overordna del, I. Bergkastet (2019)
- ha elevmedverknad -> ha elevane med i planlegging og vurdering av faga og eiga læring. Lærer kan gi elevane minst 2 val - da har dei medverknad.	LK2020 Overordna del, Meld.St 28, Hattie (2013), Fullan(2018), Bergkastet(2019)
- bruke ”feedback”, tydelege og oppmuntrande tilbakemeldingar på arbeid og vera generelt støttande overfor elevane.	Hattie, V. Robinson
- ha praktisk retta undervisningsmetoder.	LK2020 Overordna del
- ha fokus på læringskultur og læringsmiljø i klasserommet	

#### Grunnleggande læringsprosessar

I den siste elevundersøkinga hausten 2021 ser me at dei fleste elevane trivs på skulen. Elevane si oppleveling av medbestemming var delt. Elevane er likevel samla sett nøgde med undervisninga dei får på NUS, og dei fleste seier dei har gode relasjonar til lærarane. Det som vi må arbeide vidare med, er elevane sin motivasjon, elevmedverknad og læringskulturen og støtte frå lærarane. Me ser at samla sett er det også for hausten 2021 eit tredelt resultat på undersøkinga, når vi ser alle trinna på skulen under ett. 8.trinn elevane var stort sett positive og nøgde med det meste. 9.trinn elevane

ligg stort sett på landssnitt og litt over på målingane, medan 10.trinn ligg litt under landssnitt på fleire av målingane. Det sistnevnte resultatet kjem vi tilbake til.

Elevane har tidlegare meldt at dei ønsker meir praktisk undervisning. Me håpar at elevbedrifta på "Hubben" for alle elevar på 9.trinn vil bli eit inspirerande arbeid og gi god læring og utvikling på fleire plan. Det er kommunen sin intensjon med dette prosjektet.

Når det gjeld elevmedverknad har me på NUS arbeidd eindel med å finne gode tiltak, arbeidsmetodar, strategiar etc for å meistre dette betre. Elevrådet har vore med i arbeidet for å hjelpe skulen og lærarane med å prøve å kome med tips i dette arbeidet. Me har brukt og vil i skuleåret 2022-23 bruke meir tid i PU-tida til dette arbeidet.

Elles har skulen eit trinnråd og elevråd der elevane kan ta opp fellessaker og presentere dei for skulen si leiargruppe. I førre skuleår hadde elevrådet blant anna eit arbeid med utforming av nytt uteområde. Arbeidet med uteområdet starta våren 2021, og det er for dette skuleåret bevilga meir midler til å få ferdigstilt lista elevrådet laga. Behovet for sitjeplasser og oppholdsstad under tak var stort. Det vart derfor etter ønske frå elevrådet sett opp to paviljonger som er fliktig i bruk.

Til vanleg er det elevar på 10. trinn i samarbeid med FAU som har organisert og gjennomført eit juleball for alle elevane på skulen. Dette har dessverre mått å gå ut dei siste åra pga korona. Det måtte det og gjer jula 2021, men FAU såg moglegheita for å utsetje det til mars 2022. Dermed fekk elevane endeleg oppleve eit skuleball igjen. Avslutningsfesten for avgangselevane på 10.trinn har blitt gjennomført, men på ein alternativ måte både juni 2020 og 2021. Den har blitt gjennomført kohortvis og utan foresatte til stades. Juni 2022 fekk me endeleg gjennomføre denne festen på normal måte igjen med elevar og føresette.

## Eleven si læring og utvikling

Data som viser elevane si læring og utvikling innafor bestemte område er elevundersøkinga, nasjonale prøver og grunnskulepoenga. Elevresultata er ein indikator på om skulen klarer å gi ei opplæring som fører til betre læringsresultat, betre motivasjon og læringsmiljø samanlikna med tidlegare år.



## Resultat fra nasjonale prøvar

For elevar på 8. trinn er 50 poeng i gjennomsnitt ein indikator på forventa meistringsnivå og vert markert med grønt. To poeng lågare vert markert med oransje medan tre poeng eller lågare vert markert med raudt. 4 poeng tilsvarer forventa aldersprogresjon på eit år. Tilsvarande er det for elevar på 9. trinn, men med utgangspunkt i 53-54 poeng i gjennomsnitt som indikator på forventa meistringsnivå.

## Resultat nasjonale prøvar 8.trinn, perioden 2017 - 2023

Fag	2017-2018*	2018-2019^	2019-2020	2020-2021	2021-22	2022-23
Rekning	48,5	47	49,7	48	48	
Lesing	47,6	46	48,7	48	48	
Engelsk	48	48	51,2	49	48	

### Kommentar:

Måling foretatt dei siste åra viser framgang i høve til tidlegare målinger. Tabellen viser likevel at NUS over tid mottar elevar som har eit lågare dugleksnivå enn forventa. For eksempel ligg elavane i skuleåret 2018-19 (46p) eit heilt skuleår bak når det gjeld forventa nivå i lesing. For å nå nasjonalt snitt, må desse elevane på nasjonale prøver i 9.klasse opp på eit dugleksnivå som tilsvarer ein auke ut over forventa aldersprogresjon på 4 poeng.

Målet til NUS er å klare aldersprogresjonen på minst 4 poeng, med utgangspunkt i resultatet på nasjonale prøvar fra 8.klasse. Alt frå ein auke på 4 poeng og meir vil vere ein indikator på at skulen har gitt ei god opplæring, og løfta elevane. Det vil sjølv sagt ikkje alltid vere eit realistisk mål å klare landssnitt i 9.klasse, om resultatet i 8.kl var langt under landssnitt.

På 8.trinn er landssnittet alltid 50 og på 9.trinn varierer landssnittet mellom 53 og 54 poeng.

### Kva viser nasjonale prøvar når det gjeld elevane si utvikling frå 8.trinn til 9.trinn?

Fag	2018-19 8.trinn	2019-20 9.trinn	2019-20 8.trinn	2020-21 9.trinn	2020-21 8.trinn	2021-22 9.trinn	2021-22 8.trinn	2022-23 9.trinn
Rekning	47p	51p	49,7p	54	48	53	48	
Progresjon Nus		4p		4,3p		5p		
Lesing	46p	52,1p	48,7p	53	48	54	48	
Progresjon Nus		6,1p		4,3p		6p		

### Kommentar:

Tabellen viser utvikling på nasjonale prøvar fra 8.trinn til 9.trinn. Tendensen fram til og med 2018-2019, har vore at skulen ikkje har klart å løfte elevane tilsvarande aldersprogresjonen på 4p. Sjølv om resultata frå 2019 til 2022 både er litt under snitt og på snitt, har skulen desse åra klart å løfte elevane tilsvarande aldersprogresjonen eller meir. Dette resultatet er sjølv sagt målet vidare, sjølv om det ikkje er eit satsingsområde i denne planen. Me håpar me har innarbeidd så gode rutinar kring arbeidet med leseforståing, at det vil gje vidare resultat på nasjonale prøvar som det har gjort dei siste tre åra.

## Resultater grunnskolepoeng (giennomsnitt)

	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22
Nus	41,3	42,8	39,3	42,3	39,7	39,1	
Hå	39,7	41,8	39,8	40,7	40,5	41,3	
Rogaland	41,0	41,5	41,6	41,7	42,7	43,1	
Nasjonalt	41,1	41,4	41,7	41,9	43,1	43,3	

### Kommentar:

Grunnskulepoeng er ein samla poengsum rekna ut frå standpunkt- og eksamenskarakterar på elevane sitt vitnemål. Poenga til den enkelte elev danner grunnlag for opptak til videregåande skule. Tabellen viser at Nærø ungdomsskule periodevis ligg over og under landsgjennomsnittet. Dette er ein indikator på at skulen gir ei opplæring som gjer elevane gjennomsnittleg konkurransedyktige når det gjeld opptak til videregåande skule.

Kva forklaringa er til at NUS og Hå kommune ligg godt under regionalt snitt og landssnitt for skuleåret 2019-20 og 2020-21 er ikkje godt å seie. Målet er at så stort avvik ikkje skjer. For skuleåret 2019-20 og 2020-21 kan ein kanskje meir stusse over det høge regionale og nasjonale snittet på ca 43. Det bruker å ligge stabilt mellom 41 og 42. Grunna koronapandemien har det ikkje vore avgjort eksamen. Eksamensresultatet har tidlegare vore ein måleindikator på avvik på gitte standpunkt og eksamensresultat.

## Resultat frå elevundersøkinga målt på 10.trinn

Skala 1-5: Høg verdi tyder positivt resultat. Nasjonal verdi er angitt i parentes (...). På eller over nasjonalt snitt vert markert med grønt, negativt avvik på 0,1-0,2 vert markert med gult og avvik på 0,3 og meir vert markert med rødt.

Indikator og nøkkeltal	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023
Læringskultur - NUS	3,4 (3,8)	3,6 (3,8)	3,8 (3,8)	3,4 (3,9)	3,6 (3,8)	
Elevdemokrati og medverknad - NUS	3,3 (3,3)	3,1 (3,4)	3,3 (3,4)	3,1 (3,4)	3,3 (3,4)	
Fagleg utfordring - NUS	4,4 (4,2)	4,2 (4,3)	4,4 (4,3)	4,3 (4,3)	4,0 (4,3)	
Felles reglar - NUS	3,7 (3,9)	4,0 (4,0)	4,2 (4,0)	3,8 (4,0)	4,0 (4,0)	
Trivsel - NUS	4,1 (4,1)	4,2 (4,1)	4,1 (4,1)	3,7 (4,1)	4,2 (4,1)	
Meistring - NUS	3,5 (3,9)	4,0 (3,9)	3,9 (3,9)	3,6 (3,9)	3,7 (3,9)	
Utdanning og yrkesrettleining	3,5 (3,8)	3,8 (3,8)	3,9 (3,8)	3,0 (3,8)	3,9 (3,8)	
Støtte frå lærarane - NUS	3,8 (4,0)	3,9 (4,0)	3,9 (4,0)	3,6 (4,1)	3,8 (4,0)	
Motivasjon - NUS	3,1 (3,5)	3,4 (3,5)	3,2 (3,5)	2,9 (3,5)	3,2 (3,4)	

Vurdering for læring - NUS	3,3 (3,3)	3,2 (3,3)	3,3 (3,3)	3,1 (3,3)	3,1 (3,3)	
Støtte heimefrp - NUS	4,2 (4,1)	4,1 (4,1)	4,4 (4,1)	3,8 (4,1)	4,0 (4,1)	

#### Kommentar:

Tabellen viser over år at mange elevar trivs godt på skolen. Støtta elevane opplever heimanfrå har stort sett vore bra, med eit spesielt unnatak i 2020-21. Skulen klarer å gi elevane faglege utfordringar, med eit unnatak i 2021-22. Elevane melder framleis at dei har liten motivasjon og lite medverknad. Læringskulturen og støtte frå lærarane har skåra under landssnitt over fleire år. Dette må me ta tak i.

Delen av elevundersøkelsen som handlar om mobbing for 2018-19 og 2019-20 viser at 4 elevar eller færre blir mobba på 10.trinn. Skulen har hatt jamn nedgang dei siste åra. Undersøkinga 2020-21 og 2021-22 viser framleis at det er lite mobbing på 10.trinn. Skulen set umiddelbart i gang aktivitetsplanar om dei får kjennskap til mobbing.

Resultatet på elevundersøkinga i 2020-2021 viser det som var forventa av elevgruppa dette skuleåret. Elevane svarer at skulen klarer å gi dei nok faglege utfordringar, som er veldig bra. Elevundersøkinga syner betring i 2021-22 frå året før på fleire områder. Me ønskjer likevel at utviklinga i positiv forstand skal fortsetje på alle områder. Me har derfor i denne utviklingsplanen velt ut nye områder å ha særskilt fokus på; Læringskultur og Elevdemokrati og elevmedverknad.

## Mål og tiltaksplan

Overordna mål for Hå kommune og dermed for Nærø ungdomsskule er å auka elevane sin **motivasjon** for skule og skullearbeid. For å nå auka motivasjon vil Nærø ungdomsskule satse på to viktige områder som kan målast i den nasjonale elevundersøkinga.

Mål: Overordna mål er motivasjon		
På Nærø ungdomsskule skal me ha god læringskultur og undervisning der elevane opplever elevdemokrati og elevmedverknad.		
Oppretthaldande faktorar	Tiltak	Forskningsmessig grunnlag
<i>Det er ei utfordring å få elevane motivert til skule og skullearbeid grunna manglende motivasjon og uthaldenheit i faga. Elevane gjer bare det dei må.</i>	Leiinga skal støtte og gi lærarane tid til å utvikle motivasjonsfremmende strategiar (elevmedverknad, støtte frå lærarane, relasjon lærer-elev, korleis ha arbeidsro i timane, autoritative klasseleiarar, djupnelærings, høge forventningar, dialogisk undervisning, "feedback", praktisk undervisningsmetoder) til bruk i undervisninga, ved å arbeide med dette i det pedagogiske utviklingsarbeidet.	LK2020 Overordna del, Berkastet (2019), Hattie(2013) sier relasjon er avgjerande, d=0.72, T. Nordahl (2012), Fullan(2018), Fullan (2019), I. Bergkastet (2019), Meld.St 28, Hattie (2013), V. Robinson
	Leiinga legg til rette for at lærarane får tips til praktisk retta undervisning ved å setje opp kurs ifbm elevbedrift på "Hubben" (kurs på plandag i august for 9.trinn)	LK2020 Overordna del, Kagan og Stenlev (2016)

	<p>Leiinga legg opp til klasseromsobservasjon gjennom leiarvandring for å støtte, hjelpe og utvikle lærarane sine handlingsteorier. Lærar skal få tilbakemelding og rettleiing ut frå eigne ønske og behov.</p>	<p>Aas et al (2017), J. Hattie (2017), Viviane Robinson (2018) om klasseromsbesøk og tilbakemelding <math>d=0,74</math>,</p>
<i>Elevane opplever at læringskulturen på Nus kunne vore betre.</i>	<p>Leiinga vil ha fokus på samarbeid på trinn og på tvers av trinn for å dele kunnskap og erfaring i alle fag og med tanke på læringskultur. Det blir derfor sett av tid i PU-tida til faggrupper.</p>	<p>Fullan, Hattie, Robinson om kollektiv skole, Meld. St 28 om fagfellesskap, Knut Roald - Lærende Profesjonsmøter</p>
	<p>Leiinga legg opp timeplanen slik at vi får to pedagoger (to-lærer) i matematikk, norsk og engelsk for å gi elevane meir varierte strategiar og betre tilpassa opplæring. Leiinga set av tid i PU-tida til faggrupper der lærarane får arbeide med desse utfordringane.</p>	<p>V. Robinson (2017), LK2020 Overordna del, Meld. St. 21 om lærelyst Knut Roald (Lærende Profesjonsmøter)</p>
	<p>Leiinga skal legge til rette for at personalet får auka sin PfDK - digital utvikling - nye læringsstrategiar. Set av tid i PU-tida til felles deling og faggrupper etter workshop frå kommunal PfDK-plan.</p>	<p>Fullan, Hattie, Robinson om kollektiv skole, Meld. St 28 om fagfellesskap, Kommunal PfDK-plan</p>
	<p>Leiinga minner alle voksne på å reagere likt på brudd på ordensreglementet, og kor viktig støtte frå lærarane er for læring og trivsel.</p>	<p>T. Nordahl (2012) Klasseledelse I.Bergkastet (2019) Trygt og godt skolemiljø</p>
	<p>Jente -og gutegrupper med miljøterapeut</p>	<p>LK2020 om livsmeistring</p>
<i>Elevane på Nus opplever for lite elevdemokrati og elevmedverknad.</i>	<p>Lokal undersøking vert gjennomført kvar andre månad som sjekker om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- elevane har det bra</li> <li>- noko mobbing?</li> <li>- elevmedverknad?</li> <li>- Støtte frå lærarane?</li> <li>- ....</li> </ul>	<p>I.Bergkastet (2019) Trygt og godt skolemiljø, T. Nordahl (2012) Klasseleiing V. Robinson (2017) Erling Roland (2018)</p>
	<p>Leiinga legg til rette for prosess i personalet knytt til elevane si medverknad i planlegging av undervisning og vurderingsarbeid</p>	<p>Bergkastet, Hattie, Meld. St 28, LK2020 - Overordna del 1.6 og 2.2</p>
	<p>Leiinga engasjerer elevrådet i arbeidet med elevmedverknad</p>	<p>LK2020 - Overordna del 1.6</p>
	<p>Finne alternativ opplæring etter elevane sine ønsker. Avbrekk frå den vanlege kvardagen. Turer i nærmiljøet, leirskule</p>	<p>udir.no: Folkehelse og livsmeistring Eit inkluderande læringsmiljø</p>

## Handlingsplan for det pedagogiske utviklingsarbeidet

<b>Mål:</b> Overordna mål er motivasjon På Nærø ungdomsskule skal me ha god læringskultur og undervisning der elevane opplever elevdemokrati og elevmedverknad.		
Når	Tema	Evaluering
	<b>Høst 2022</b>	Fortløpende
August (plandagar + PU-tid)	<p>§9A - trygt og godt skolemiljø          Spesialundervisning</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Alle les rundskriv om spes.ped i udir</li> <li>- Tilrettelegging eller sakkunnig vurdering</li> <li>- Lag tiltaksbank</li> </ul> <p>Vurdering etter ny læreplan</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- vurdere andre ting enn bare prøver. Me kan veilede i prøvesituasjon. Prøvesituasjon er og læring. Treng me like mange vurderingar som før - prosessen er viktig.</li> </ul> <p>Kurs - elevbedrift (9.trinn-lærarar)          PfDK (gjennomgang av opplæringsplanen til Nus)          Førebuing og motivasjonsarbeid opp mot nasjonale prøvar, lesing i alle fag - leseforståing og lesekvar.          Støtte frå lærarane</p>	
September	<p>Motivasjon</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Elevmedverknad i planlegging av undervisning, og i vurdering for eiga læring. Gi elevene val - minne dei på at dette er medverknad.</li> </ul> <p>Faggrupper - læringskultur og medverknad          Leiavandring - klasseromsobservasjon          Relasjon          Støtte frå lærarane</p>	
Oktober	<p>Korleis forstå omgrep og spørsmål i elevundersøkinga?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fokus på spørsmåla under motivasjon, læringskultur og elevdemokrati og elevmedverknad i undersøkinga.</li> </ul> <p>Motivasjon</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Relasjoner lærer-elev</li> <li>- Klasseleiing - den autoritative klasseleiaren (arbeidsro)</li> </ul> <p>Faggrupper          Leiavandring - klasseromsobservasjon</p>	
November	<p>PfDK</p> <p>Faggrupper</p> <p>Elevundersøkelsen. Resultat og etterarbeid (trinn). Fokus på områda i utv.planen (Læringskultur, elevmedv og støtte frå lærar)</p> <p>Læringskultur</p>	

	Evaluere PU-planen	
Desember	Arbeide med resultata på nasjonale prøvar, lesing i alle fag - leseforståing	
	Vår 2023	Fortløpende
Januar	Motivasjon <ul style="list-style-type: none"> <li>- Relasjoner lærer-elev</li> <li>- Læringskultur med fokus på god arbeidsro i timane, elevmedverknad, støtte frå lærarane.. Korleis ligg me an?</li> <li>- Deling (Faggrupper)</li> <li>- Støtte frå lærarane</li> </ul>	
Februar	Motivasjon: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Praktisk rettet undervisning. Korleis? Deling. Faggrupper</li> </ul> Faggrupper Leiarvandring - klasseromsobservasjon	
Mars	Motivasjon <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fokus på resten av skuleåret.</li> <li>- Elevmedverknad og læringskultur - korleis har vi arbeidd? Deler tips og ideer til vidare arbeid.</li> </ul> Faggrupper PfDK Leiarvandring - klasseromsobservasjon	
April	PfD Støtte frå lærarane Faggrupper Læreverk/læremidler - ønsker frå lærarane Utviklingsplanen - evaluering, forslag til forbetring? Nye mål?	
Mai	Relasjon PU-plan - evaluering Faggrupper Motivasjon	
Juni		

## Litteraturliste

Aas, M., Paulsen J.M. (2017). *Ledelse i fremtidens skole.* (s. 73-96).

Bergen: Fagbokforlaget.

Bergkastet, I., Duesund, C. & Westvig, T. (2019). *Trygt og godt skolemiljø.*

*Inkludering faglig og sosialt.* Oslo: Gyldendal norsk forlag.

2. utgave, 2 opplag 2019.

Elevundersøkelsen (2019). Hentet fra:

<https://skoleporten.udir.no/#>

Fullan M., Quinn J. og McEachen J. (2018). *Dybdelæring.* Oslo: Cappelen Damm

AS. 1. utgave, 2. opplag 2019.

Hattie, John A.C. (2013) *Synlig læring. Et sammendrag av mer enn 800*

*metaanalyser av skoleprestasjoner.* Oslo: Cappelen Damm AS. 1. utgave, 3.opplag 2017.

Meld.St. 28 (2015-2016). *Fag – Fagfordyping – Forståelse – En fornyelse av*

*Kunnskapsløtet*

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e8e1f41732ca4a64b003fca213ae663b/no/pdfs/stm201520160028000dddpdfs.pdf>

Nordahl, T. (2012a) *Klasseledelse.* Oslo: Gyldendahl Norsk Forlag AS.

1. utgave, 9 opplag 2018

Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen (2019). Hentet fra

<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/>

Robinson, V. (2014) *Elevsentrert skoleledelse* Oslo: Cappelen Damm AS.

1.utgave, 6. opplag 2017